



Kjetil Myklebust sjekkar teiner på Beinavikjo

**Då Kjetil Myklebust i dag tok opp dei 3-4 hummerteinane han hadde sett ut ved Neset fekk han ein fin hummer. Den heldt minstemålet på 25 centimeter med god margin-
Men etter berre eitpar veker kan han og andre som driv med hummerfiske i Uskedalen ikkje seie noko sikkert om utsiktene i år. Derimot er det fleire som fortel om fangster av svært fine krabber.**

- Eg har hettopp kome frå Nordsjøen og har ikkje prøvd dette så mykje førebels. Men eg har 10 teiner som eg flytter litt rundt i området, også rundt Skorpo, fortel Kjetil til uskedalen.no
Når det så gjeld krabber fortel ein annan hobbyfiskar at han har fått 4-5 fantastiske, fulle krabber.

Både amatørane og dei 2 yrkesfiskarane i området er naturleg nok opptekne av at den sårbare hummeren vert verna så godt som mogeleg. Fiskeridirektoratet har varsla fleire kontrollar for å avsløre eit omfattande ulovleg fiske langs kysten. Sist sommar vart det gjort mange beslag av teiner som var sett ulovleg.

Det vanlege var at reiskapen ikkje var merka og at fluktopningane i teinene mangla eller var for små. Slike synder vart belønna med forelegg på mellom 8 og 10 000 kroner.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen